

Rømt laks i garnet til Rabben-gjestar

13.07.2010



Tysdag 6. juli rømde 9.000 laks frå ei merd ved lakseslakteriet på Sunde og mange har i dagane etterpå vore ute for å sikra seg eit fiskemåltid og ein slant frå Viking Fjord.

Dei betalar 200 kroner for kvar laks som blir vist fram på slakteriet..

Også i fjorden utanfor Uskedalen er det mykje spretten laks å sjå om dagen og i morgontimane i dag kom feriegjestar frå Odda og Stavanger ved Rabben Feriesenter inn med 3 flotte fiskar fanga i garn.

- Fiskane er like store, mellom 4 og 5 kilo, og det er ingen tvil om at dei er av dei som rømde, sa fiskarane.

Dei fekk fangsten utanfor Skorpo, nærare bestemt like ved Mjødnasund.

Laksane gjekk på ei lenke av 2 garn og var fanga i eit trollgarn som låg djupt.

Snittvekta på den rømde laksen er 5,5 kilo og fiskane er garantert friske!

På biletet presenterer Kristian Higdem Myklebust (8) frå Stavanger dei 3 fiskane, som var heilt lusfrie!

(Foto: Ola Matti Mathisen)